

# KYRKJELEG FELLESNEMND FOR OS SOKNERÅD OG FUSA SOKNERÅD

## HOVUDUTSKRIFT

År 2018, den 2. oktober, hadde partssamansatt utval (PSU) og kyrkjeleg fellesnemnd (FN) møte på kyrkjekontoret, Eikelandsosen.

PSU tok til kl.18.30 og var slutt 19.05.

FN tok til kl.19.06 og var slutt kl.19.08.

Innkallinga var sendt representantane og vararepresentantane den 21. september 2018.

Desse møtte frå partssamansatt utval:

Forutan dei som møtte frå kyrkjeleg fellesnemnd møtte tilsettere representantane Monica Refsdahl frå Os og Iman de Zwarte frå Fusa.

Desse møtte frå kyrkjeleg fellesnemnd:

Hans S Vindenes, Arne Tveit, Roald Samnøy, Anne Turid Bjørnevik, Marie Bruarøy (komm.repr.), Magne Djuvik (komm.repr.) og prost Kristin Litlere.

Forfall: Prost Kristin S Litlere. Heller ikkje vararepresentant Margrethe H Askeland hadde høve til å møte.

Dessutan møtte: kyrkjeverje Gerhard Hansen og kyrkjeverje Harald Geir Sæther.

Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste.

### SAKSLISTE:

Saksnr. PSU	Saksnr.FN	Tekst	ARKIV
2018/021	2018/021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 14. JUNI 2018.	019
2018/022	2018/022	KYRKJEVERJE FOR OS OG FUSA – UTLYSING – STATUS	211
2018/023	2018/023	ORGANISASJONSNUMMER FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	010
2018/024	2018/024	REGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE ADMINISTRASJONSUTVAL	201
2018/025	2018/025	ARBEIDSREGLEMENT BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	201
2018/026	2018/026	TILSETJINGSREGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	201
2018/027	2018/027	PERMISJONSREGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	201
2018/028	2018/028	ØKONOMIREGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	121

2018/029	2018/029	DELEGASJONSREGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	120
2018/030	2018/030	RETNINGSLINER FOR HANDTERING AV KONFLIKTAR I KYRKJELYDEN	201
2018/031	2018/031	RETNINGSLINER FOR HANDTERING AV MOBBE- OG TRAKASSERINGSSAKER	201
2018/032	2018/032	RETNINGSLINER FOR BRUK AV POLITIATTEST	201

**Rett utskrift,**  
Fusa kyrkjekontor, 5649 EIKELANDSOSEN  
den 2. oktober 2018

  
Harald Geir Sæther  
prosjektleder/kyrkjevevje

## **MØTEBOK**

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

**Sak: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 14. JUNI 2018**

Saksnr.: 2018/021  
PSU-sak 2018-021

Ark.nr. 012.2

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Det var ikkje merknader til protokollen.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Det er ikkje merknadar til protokollen.**

---

**PSU si tilråding:**

**Det var ikkje merknader til protokollen.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**Det var ikkje merknader til protokollen.**

---

**Trykte saksdokument:**

**Ingen**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Møteprotokollen frå 14. juni 2018**

---

**SAKSUTGREIING:**

Møteprotokollen vart sendt ut til alle på e-post 15. juni 2018.

## **MØTEBOK**

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

**Sak: KYRKJEVERJE FOR OS OG FUSA – UTLYSING - STATUS**

Saksnr.: 2018/022

PSU-sak 2018-022

Ark.nr. 211

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Saka vart teken til etterretning.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Saka vert teken til etterretning.**

---

**PSU si tilråding:**

**Saka vart teken til etterretning.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**Saka vart teken til etterretning.**

---

**Trykte saksdokument:**

**Ingen**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Kyrkjeverje Gerhard Hansen i Os har sagt opp si stilling med verknad frå 1. april 2018.

Stillinga er lyst ledig som kyrkjeverje for Os og Fusa, og at frå 1. januar 2020 vert vedkomande kyrkjeverje for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Dette er i tråd med kyrkjeleg fellesnemnd sitt vedtak. Tilsetjing vil skje i Os sokneråd.

Søknadsfristen er 24. september. Kyrkjeleg fellesnemnd vil i møte bli orientert om tal søkjarar og status for prosessen med tilsetjing.

## MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

Sak: ORGANISASJONSNUMMER FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Saksnr.: 2018/023  
PSU-sak 2018-023

Ark.nr. 010

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd vedtek at prosjektleiar tek kontakt med Brønnøysundregisteret for å få oppretta eit nytt organisasjonsnummer for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd vedtek at prosjektleiar tek kontakt med Brønnøysundregisteret for å få oppretta eit nytt organisasjonsnummer for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår samrøystes framlegget.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

**Ingen**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Os sokneråd og Fusa sokneråd har kvart sitt organisasjonsnummer. Sokneråda vil i den nye strukturen etter 2020 halde fram med å vere sjølvstendige juridiske personar og såleis ha sine egne organisasjonsnummer. I staden for då å nytte eit av dei eksisterande organisasjonsnumra for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, vil det slik prosjektleiar ser det vere enklast å få eit nytt organisasjonsnummer for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

Frå nye Stad kyrkjelege fellesråd v/prosjektleiar har ein fått informasjon om at dei allereie har fått oppretta nytt org.nummer.

## MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

Sak: REGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE  
ADMINISTRASJONSUTVAL

Saksnr.: 2018/024  
PSU-sak 2018-024

Ark.nr. 201

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**PSU sitt framlegg til reglement for kyrkjeleg administrasjonsutval vart vedteke.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**AU sitt framlegg til reglement for kyrkjeleg administrasjonsutval vert vedteke.**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår AU sitt framlegg, men med følgjande endring:**

**Retting i reglementet pkt.1 om «Val og samansetjing» - 1. linje – ordet primært går ut.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU sitt framlegg samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

**1. Framlegg til reglement for Bjørnafjorden kyrkjelege administrasjonsutval.**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Det finst ikkje oppdatert standardreglement for kyrkjeleg administrasjonsutval i KA. Ein har lagt i botn Os sokneråd sitt reglement frå 1997 (med mogleg korrigeringar ein gong i ettertid) og Fusa sokneråd sitt reglement for 2005. Tilrådd reglement er noko forenkla i høve Os sitt eksisterande reglement og noko meir utfyllande enn Fusa sitt, og det er arbeidd for å tilpasse regelverket pr i dag.

Innhaldet i reglementet for administrasjonsutval har vore drøfta med tilsettere representantane og i AU før innkalling til møte. Det er kome innspel som er innarbeidd i framlegget som no ligg føre til handsaming.

AU har kome med endringar etter møte med dei tillitsvalde. Det gjeld spesielt følgjande punkt:

Alle tilsetjingar med unntak av kyrkjeverjestillinga vert utført av kyrkjeverja.

# MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

Sak: ARBEIDSREGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Saksnr.: 2018/025  
PSU-sak 2018-025

Ark.nr. 201

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**PSU si tilråding til arbeidsreglement for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vart vedteke.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**AU sitt framlegg til arbeidsreglement vert vedteke.**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår samrøystes AU sitt framlegg til vedtak.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding vart samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

- 1. Framlegg til arbeidsreglement for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Det finst ikkje oppdatert arbeidsreglement i KA. Ein har lagt i botn Os sokneråd sitt reglement frå 1997 (med mogleg korrigeringar ein gong i ettertid) og Fusa sokneråd sitt reglement for 2005 – i tillegg til tidlegare standardreglement frå KA.

Innhaldet i arbeidsreglementet har vore drøfta med tilsettere representantane og i AU før innkalling til møte. Det er kome innspel som er innarbeidd i framlegget som no ligg føre til handsaming.



AU har kome med endringar etter møte med dei tillitsvalde. Det gjeld to punkt:

- I punkt 5 sto det at det er fellesrådet som fastset ferietid. Der står no kyrkjeverje.
- I punkt 9 har ein korrigert og til og/eller slik at det no står «*Har arbeidstakaren økonomisk ansvar og/eller handsamar kontante midlar.....*»

## MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

Sak: TILSETJINGSREGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Saksnr.: 2018/026  
PSU-sak 2018-026

Ark.nr. 201

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**PSU sitt framlegg til tilsetjingsreglement for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vart vedteke.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**AU sitt framlegg til tilsetjingsreglement vert vedteke.**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår samrøystes AU sitt framlegg.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

- 1. Framlegg til tilsetjingsreglement for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Det finst ikkje oppdatert standard tilsetjingsreglement i KA. Ein har lagt i botn Os sokneråd sitt reglement frå 1997 (med mogleg korrigeringar ein gong i ettertid) og Fusa sokneråd sitt reglement for 2005. Det er gjort ein god del endringar i reglementet, særleg m.o.t. lovheimlane. Arbeidsmiljølova har vore gjennom store endringar sidan dette var opp til drøfting for ein del år tilbake, og det har vi no innarbeidd i tilsetjingsreglementet.. Innhaldet i tilsetjingsreglementet har vore drøfta med tilsettere representantane og i AU før innkalling til møte.

Eit av punkta som har vore mykje drøfta både med tilsettere representantane og i AU er pkt 7 når eit kjønn er underrepresentert. I HTA kap.1 pkt.2.2 andre. ledd, står i dag at dette gjeld kun kvinner. I framlegg til ny HTA er dette endra til å gjelde begge kjønn, men så er altså partane i brot når denne saka er skrive. Men etter dialog med KA rår dei oss til å nytte den nye formuleringa. Truleg er ikkje dette eit konfliktpunkt! Difor er ordlyden i framlegg til tilsetjingsreglement i tråd med den nye formuleringa som ligg i forslag til ny hovudtariffavtale.

AU har elles kome med endringar etter møte med dei tillitsvalde. Det gjeld følgjande punkt:

- Under punkt 3, kulepunkt 5 står det no Tilsetjingsvilkår. Før stod det også løn.
- Under punkt 6 under avsnittet om «Innstilling» har ein tatt med at soknerådet skal få uttale seg der det er naturleg.

# MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

Sak: PERMISJONSREGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Saksnr.: 2018/027  
PSU-sak 2018-027

Ark.nr. 201

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**PSU sitt framlegg til permisjonsreglement for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vart vedteke.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**AU sitt framlegg til permisjonsreglement vert vedteke**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår samrøystes AU sitt framlegg, men med følgjande endring:  
Reglementet sitt pkt.2.6 «Til husbygging og istandsetjing av eige husvære» vert flytta framfor pkt.2.9.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

- 1. Framlegg til permisjonsreglement for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Ein har lagt til grunn KA sitt standardreglement. Os sokneråd sitt reglement er frå 1997 (med mogleg korrigeringar ein gong i ettertid) og noko meir utdjupande enn standardreglementet. Fusa sokneråd sitt reglement er for 2005. Fusa sokneråd sitt reglement er meir i tråd med KA sitt standardreglement. Tilrådinga er i all hovudsak lik standardreglementet, men gjort nokre tilføyingar med utgangspunkt i Os sitt reglement.

Innhaldet i permisjonsreglementet har vore drøfta med tilsettere representantane og i AU før innkalling til møte. AU har ikkje kome med endringsframlegg i høve det ein drøfta med tilsettere representantane.

## MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

Sak: ØKONOMIREGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Saksnr.: 2018/028

PSU-sak 2018-028

Ark.nr. 121

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**PSU sitt framlegg til økonomireglement for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vart vedteke.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**AU sitt framlegg til økonomireglement vert vedteke.**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår samrøystes AU sitt framlegg.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

- 1. Framlegg til økonomireglement for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

KA har ikkje utarbeidd standard økonomireglement. Vi har fått henta inn Horten kyrkjelege fellesråd sitt økonomireglement. Vi opplever det som grundig og godt gjennomarbeidd. Vi må absolutt gjere våre tilpassingar som er nødvendig for vår verksemd med eit fellesråd og to sokneråd. Det har ein prøvd å få til. Reglementet har vore drøfta med tilsettere representantane og i AU. AU hadde ei tilføyning, og det er at under pkt.12.3 tar ein med at alle anskaffingar over kr.100.000,- skal det **førast protokoll for.**

## **MØTEBOK**

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

Sak: DELEGASJONSREGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Saksnr.: 2018/029  
PSU-sak 2018-029

Ark.nr. 120

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**PSU sitt framlegg til delegasjonsreglement for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vart vedteke.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**AU sitt framlegg til delegasjonsreglement vert vedteke.**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår samrøystes AU sitt framlegg.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

- 1. Framlegg til delegasjonsreglement for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Os sokneråd har hatt eit meir samordna og betre delegasjonsreglement enn Fusa. Reglementet frå Os er lagt i botn for utarbeiding av delegasjonsreglementet for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, men med nokre tilføyingar og endringar. Reglementet er drøfta med tilsettere representantane og i AU. AU gjorde ein del endringsframlegg. M.a. tilpasse tilsetjingsreglement og delegasjonsreglement om at kyrkjeverje gjer alle tilsetjingar med unnatak av kyrkjeverjestillinga. Evt oppseiingar skal skje i fellesrådet. Dette har ein også konferert med KA om.

## MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

Sak: RETNINGSLINER FOR HANDTERING AV KONFLIKTAR I  
KYRKJELYDEN

Saksnr.: 2018/030  
PSU-sak 2018-030

Ark.nr. 201

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**PSU si tilråding til «Retningsliner for handtering av konflikhtar i kyrkjelyden» for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vart vedteke.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**AU si tilråding til «Retningsliner for handtering av konflikhtar i kyrkjelyden» vert vedteken.**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår samrøystes AU sitt framlegg.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

- 1. Framlegg til retningsliner for handtering av konflikhtar i kyrkjelyden.**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Bispedøma saman med KA har for nokre år sidan utarbeidd retningsliner for handtering av konflikhtar i kyrkjelyden. Fusa sokneråd har før vedteke desse retningslinene slik at ein er samd om praksis saman med Bjørgvin bispedøme om det skulle oppstå situasjonar som krev handtering ut frå desse retningslinene. Saka er drøfta med dei tillitsvalde og i AU. AU tilrår at desse retningslinene vert vedteken av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd.

## MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

Sak: RETNINGSLINER FOR HANDTERING AV MOBBE- OG TRAKASSERINGSSAKER

Saksnr.: 2018/031  
PSU-sak 2018-031

Ark.nr. 201

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**PSU si tilråding til «Retningsliner for handtering av mobbe- og trakasseringssaker» for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vart vedteke.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**AU si tilråding til «Retningsliner for handtering av mobbe- og trakasseringssaker» vert vedteken.**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår samrøystes AU sitt framlegg.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

- 1. Framlegg til retningsliner for handtering av mobbe- og trakasseringssaker.**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Bispedøma saman med KA har for nokre år sidan utarbeidd retningsliner for handtering av mobbe- og trakasseringssaker. Fusa sokneråd har før vedteke desse retningslinene. Saka er drøfta med dei tillitsvalde og i AU. AU tilrår at desse retningslinene vert vedteken av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd.



## **MØTEBOK**

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 02.10.2018

---

Sak: RETNINGSLINER FOR BRUK AV POLITIATTEST

Saksnr.: 2018/032

PSU-sak 2018-032

Ark.nr. 201

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**PSU si tilråding til «Retningsliner for politiattest» for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd vart vedteke.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**AU sitt framlegg til «Retningsliner for politiattest» vert vedteken.**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår samrøystes AU sitt framlegg.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

- 1. Framlegg til retningsliner for bruk av politiattest.**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Representantar frå KA, kyrkjerådet og bispedømmeråda har utarbeidd framlegg til retningsliner for bruk av politiattest. Desse har vore praktisert i Os og Fusa. Saka er drøfta med dei tillitsvalde og i AU. AU tilrår at desse retningslinene vert vedteken av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd.